

Tysnes Sparebank
- lokalbanken din -

KVARTALS- RAPPORT 2020 2. kvartal


VERDISKAPANDE
ENGASJERT
TILGJENGELEG

2. KVARTALSRAPPORT

Kvartalsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med krava i IAS 34, forskrift om årsrekneskap for bankar kapittel 9 om delårsrekneskap samt god rekneskapsskikk. Kvartalsrekneskapen er ikkje revidert.

Resultat

Bankens resultat før skatt er på 13,6 millionar kroner ved halvårsskiftet. Dette er ein nedgang på 5,5 millionar kroner samanlikna med andre kvartal 2019. Ser ein på bankens resultat før tap er resultatet på 22,3 millionar kroner, 3,2 millionar kroner betre enn i fjor. Bankdrifta er fortsatt god, men banken har gjort ekstra tapsavsetjingar relatert til Covid 19-situasjonen og den uvisse dette medfører for framtida. Resultat etter skatt gjev ein eigenkapitalavkastning på 5,8 prosent.



Rentenettoen i andre kvartal er 2,9 millionar kroner høgare enn andre kvartal 2019. Kundetilgangen har vore god og auka utlånsvolum er hovudgrunnen til auka rentenetto. Netto andre driftsinntekter er på nivå med fjoråret. Med eit historisk lågt rentenivå i Noreg som legg press på bankens rentemargin må banken ha fokus på å auke andre driftsinntekter i tida framover. Andre inntekter i prosent av totale inntekter er på same nivå som første kvartal 2019, omlag 16 prosent. Bankens renteportefølje har hatt ein negativ verdiendring første halvår.

Bankens driftskostnadar er på nivå med fjoråret, totalt 17,9 millionar kroner. Bankens kostnadsnivå har vore fallande over fleire år som fylgje av solid vekst og kostnadseffektivisering. Bankens kostnadsprosent er 47,5 prosent ved halvårsskiftet, som er ein reduksjon på 2 prosent samanlikna med andre kvartal 2019.

Banken har ført 8,6 millionar kroner i tap på utlån første halvår. Under IFRS 9 standarden som vart innført 01.01.2020 skal tapsavsetjingar bereknast

basert på forventa tap i tillegg til individuelle vurderingar. Dei statistiske berekningane har ført til ein auka avsetjing på om lag 2,2 millionar kroner sidan årsskiftet. Det er i tillegg avsett 4,1 millionar kroner under individuelle vurderingar av enkelt engasjement.

Banken nyttar Eika sin nedskrivingsmodell for å berekna framtidige tap. Covid 19-situasjonen førte til ein vesentleg og rask endring i kredittrisikoen for bankens utlånsportefølje. Det er fortsatt betydeleg uvisse rundt estimat som fører til behov å gjera ein justering på porteføljnivå for forventa tap på personkundar og bedriftskundar. Det er avsett 3 MNOK ekstra i tapsavsetjing som ein direkte konsekvens av vurderingar knytta til Covid 19-situasjonen.

I noteopplysingane finn ein meir informasjon om berekningane av forventa framtidig kredittap og dei ekstra vurderingane som er gjort ifm. Covid 19-situasjonen.

Forvaltningskapital

Forvaltningskapitalen utgjer 3.024 millionar kroner. Det er overført 1.080 millionar kroner i godt sikra bustadlån til Eika Boligkreditt AS. Sum forretningskapital er om lag 4,1 milliardar kroner.


Utlån

Samla utlånsvest har vore på om lag 4 prosent hittil i år, mens 12 månaders vekst er på om lag 8 prosent. Fordelinga av utlån mellom privat – og bedriftsmarknad er 74/26. Veksten innan bedriftsmarknaden er hovudsakleg til små og mellomstore bedrifter i regionen.

Andel misleghaldne lån (90 dagar og eldre) er på 5 prosent av bankens totale utlån, mens netto andel tapsutsatte lån er minimal. Det er eit større bedriftsengasjement som utgjer ein større del av bankens misleghaldne engasjementsportefølje. Banken vurderar at engasjementet er tilstrekkeleg sikra. Bankens risikoprofil skal vera låg til moderat. Banken har ekstra fokus på arbeidet med å redusere misleghaldne lån, og samarbeidar tett med verksemder som er ekstra utsett i samband med Covid-19 situasjonen.

Innskot

Innskotsveksten har vore på om lag 9 prosent hittil i år. Innskotsveksten har vore høgare enn utlånsveksten og innskotsdekninga er betra sidan årsskiftet. Innskotsdekninga er 80,1 prosent ved halvårsskiftet og innskotsdekninga inkl. utlån via Eika Boligkreditt AS er 55,7 prosent.



Likviditet


Banken har god likviditet og har plassert likviditetsreservar i bank- og obligasjonsmarknaden. I tillegg har banken årleg rullerande kredittlinjer for daglege oppgjers-transaksjonar i DNB. I Noregs Bank og andre kredittinstitusjonar er det plassert til saman 269 millionar kroner ved halvårsskiftet.

Overskotslikviditet vert forvalta av Eika Kapitalforvaltning AS til å byggje opp ein forsvarleg LCR – portefølje. Det er ved årsskiftet plassert 219 millionar kroner i denne porteføljen, som er tilpassa låg risikotoleranse. Bankens LCR er 517, godt over gjeldande lovkrav som er 100.

Finansiering og ansvarleg lånekapital

Total obligasjonsgjeld er 455 millionar kroner ved halvårsskiftet. Totale lån via Kredittforeningen for Sparebanker er 205 millionar kroner.

Banken har ein evigvarande fondsobligasjon pålydande 20 millionar kroner og eit ansvarleg lån pålydande 30 millionar kroner.



Soliditet

Bankens reine kjernekapitaldekning, hensyntatt forholdsmessig konsolidering, er 15,53 prosent ved utgangen av andre kvartal. Tilsvarende utgjør kjernekapitaldekning og kapitaldekning 16,87 prosent og 18,80 prosent.

I 2019 sendte banken inn årets ICAAP dokumentasjon til Finanstilsynet for fastsetjing av individuelt pilar-2 krav for banken. I andre kvartal 2020 mottok banken Finanstilsynets vedtak om kapitalbehov. Banken fekk eit pilar-2 krav på 3,5 prosent. Pilar-2 kravet skal dekkast av rein kjernekapital og pilar-2 kravet trer i kraft for 3. kvartal 2020.

Banken oppfyller gjeldande lovkrav og nytt krav ihht. mottatt pilar-2 krav.

Utsett handsaming av årsrekneskapet for 2019

I forbindelse med Covid 19-situasjonen som oppstod rundt handsaming av årsrekneskapet for 2019 uttrykte Finanstilsynet ei klar forventning om at norske finansforetak foretok ei ny vurdering av disponering av årsoverskotet for 2019, evt. avventa utdeling av utbytte mv. til uvisse rundt den økonomiske utviklinga er redusert.

Med bakgrunn i dette vedtok styret å redusera utbyttegraden frå 70 til 50 prosent. Direkte utbetaling av utbytte på bankens eigenkapitalbevis vart redusert frå kr. 6,27 til kr. 4,48 per eigenkapitalbevis. Differansen vart overført til Utjevningsfondet som er eigenkapitalbevisegarane sitt fond. Avsetning til gaver til allmenntilgjengelige formål vart ikkje endra.

Forstandarskapet godkjente den 11.06.2020 bankens årsrekneskap for 2019 herunder utbytte, samt tildeling av gaver til allmenntilgjengelige formål. Utbytte vart utbetalt 23 juni 2020.

Utsikter

Når sommaren 2020 no er på hell har situasjonen i Noreg førebels stabilisert seg i samband med Covid-19 -utbrotet. I fleire land i verda har det kome ei ny bølge av smitte med påfølgjande nedstenging av økonomien. Til tross for gode tiltak i Noreg er vårt samfunn i stor grad avhengig av kva som skjer internasjonalt. Det er difor knytta usikkerheit til utviklinga i økonomien i tida som kjem.

I bankens marknadsområde, som primært er Sunnhordlandskommunane, er næringslivet per dato relativt sett mindre råka enn andre stader i landet. Reiseliv, bygg- og anlegg og eigedomsbransjen er påverka av situasjonen. Men i kombinasjon med offentlege støttetiltak har dei fleste verksemdene evna å tilpassa seg den nye situasjonen. Næringsseigedomar i regionen har framleis godt belegg av leigetakarar. Historisk har svingingar i den norske økonomien i mindre grad påverka eigedomsprisar i vår region. Det gjeld både for bustader og for næringsbygg.

Per dato har handtverkarar hektiske tider. Årsaka er truleg at mange personar vel å ha ferien heime i Noreg, og mange pussar opp bustadane og gjer mindre investeringar. Det gjer at dei små og mellomstore verksemdene (som til dømes elektrikarar, rørleggjarar og andre handtverkarar), framleis har god omsetnad.

Banken har etablert god beredskap for å fylgje situasjonen framover. Av tiltak kan nemnast ekstra overvaking av utlånsporteføljen og hyppigare kundebesøk til verksemdene som er kundar i banken. Det gjer at negativ utvikling kan identifiserast raskt, og tiltak kan gjerast for å sikra ei best mogeleg utvikling framover.

Innan privatmarknaden opplever banken auka førespurnader om pris på utlån. Dette er det same bilete i heile banknæringa, og det er venta lågare rentemargarinar i månadene som kjem. Banken vil tilpassa seg marknaden, og gjer fortløpande vurderingar på prisstrategien.

Bankens mål har vore å ha ei avkastning som er 5 til 7 % høgare enn innskotsrenta i banken. Per dato er det ikkje grunnlag til å endre på denne målsetjinga.

Forventingane til dei neste kvartala er at rentemarginen vert noko lågare enn tidlegare. Vekstmåla til banken vert oppretthaldne på det fastsette nivået. Det er ekstra fokus på sal av produkt og tenester som forsikring, pensjon og plasseringsrådgjeving. Banken har gjort ekstra tapsavsetjingar i 2. kvartal for å møte den usikkerheten som vi opplever i dag. Det er framleis berre mindre konstaterte tap på einskildkundar. Med gode interne tiltak, og ein økonomi som ikkje vert sterkt forverra lokalt, har vi god tru på at bankens resultatmål kan oppretthaldast i tida framover.

Tysnes, 12. august 2020 I styret for Tysnes Sparebank

Bente Raknes Styreleiar	Elisabet Sandven Styrets nestleiar	Børge Pedersen Styremedlem
-----------------------------------	--	--------------------------------------

Tor Brattebø Styremedlem	Ingvild A. Hustad Styremedlem	Steffen S. Opdal Styremedlem
------------------------------------	---	--

Dag Sandstå
Banksjef

RESULTATREKNESKAP (alle tall i 1.000 kroner)

	Note	30.06.2020	30.06.2019	31.12.2019
Renteinntekter og lignende inntekter beregnet etter effektivrentemetoden		49.654	45.303	96.363
Øvrige renteinntekter på eiendeler vurdert til virkelig verdi		1.196	1.033	2.262
Rentekostnader og lignende kostnader		19.019	17.375	37.417
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		31.830	28.961	61.208
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester		7.812	7.432	16.036
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester		1.960	1.869	3.639
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter		2.254	1.438	1.552
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	5	206	189	359
Netto andre driftsinntekter		8.313	7.191	14.307
Lønn og andre personalkostnader		7.716	8.136	17.146
Andre driftskostnader		9.871	8.604	16.914
Avskrivninger		296	348	634
Sum driftskostnader		17.882	17.088	34.695
Resultat før tap		22.260	19.064	40.821
Kreditttap på utlån, garantier mv.	1 og 2	8.637	-70	4.522
Resultat før skatt fra videreført virksomhet		13.624	19.134	36.298
Skatt på resultat		3.957	4.456	8.528
Resultat etter skatt fra videreført virksomhet		9.667	14.678	27.770
Verdiendringer knyttet til investeringer i egenkapitalinstrumenter		-994	-	-
Sum andre inntekter og kostnader som ikke blir omklassifisert til resultatet		-994	-	-
Totalresultat		8.673	14.678	27.770

BALANSE (alle tall i 1.000 kroner)

EIENDELER

	Note	30.06.2020	30.06.2019	31.12.2019
Kontanter og kontantekvivalenter		4.054	3.298	3.451
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og sentralbanken		276.119	268.909	183.170
Netto utlån til og fordringer på kunder til amortisert kost	1,2,3,4	2.434.589	2.270.827	2.327.305
Rentebærende verdipapirer	5	218.834	119.867	118.800
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	5	77.178	100.914	105.960
Eierinteresser i tilknyttede selskaper og felleskontrollerte foretak		3.000	3.436	4.950
Varige driftsmidler		6.381	6.983	6.677
Andre eiendeler		4.297	2.840	4.174
Sum eiendeler		3.024.452	2.777.074	2.754.488

GJELD OG EGENKAPITAL

		30.06.2020	30.06.2019	31.12.2019
Innlån fra kredittinstitusjoner		205.334	210.686	205.704
Innskudd og andre innlån fra kunder	4	1.971.175	1.817.035	1.723.026
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	6	455.353	370.963	431.229
Annen gjeld		11.040	12.424	25.065
Avsetninger		2.951	-	587
Ansvarlig lånekapital	6	30.205	29.690	29.650
Fondsobligasjonskapital	6	-	20.310	20.350
Sum gjeld		2.676.058	2.461.695	2.435.610
Innskutt egenkapital		152.234	152.127	152.234
Opptjent egenkapital		166.493	148.574	166.645
Fondsobligasjonskapital	6	20.000	-	-
Periodens resultat etter skatt		9.667	14.678	-
Sum egenkapital		348.394	315.379	318.878
Sum gjeld og egenkapital		3.024.452	2.777.074	2.754.488

EIGENKAPITAL

I forbindelse med Covid 19-situasjonen som oppstod rundt handsaming av årsrekneskapet for 2019 uttrykte Finanstilsynet ei klar forventning om at norske finansforetak foretok ei ny vurdering av disponering av årsoverskotet for 2019, evt. avventa utdeling av utbytte mv. til uvisse rundt den økonomiske utviklinga er redusert.

Med bakgrunn i dette vedtok styret å redusera utbyttegraden frå 70 til 50 prosent. Direkte utbetaling av utbytte på bankens egenkapitalbevis vart redusert frå kr. 6,27 til kr. 4,48 per egenkapitalbevis. Differansen vart overført til Utjevningsfondet som er egenkapitalbevisegarane sitt fond. Avsetning til gåver til allmennyttige formål vart ikkje endra.

Forstandarskapet godkjente den 11.06.2020 bankens årsrekneskap for 2019 herunder utbytte, samt tildeling av gåver til allmennyttige formål. Utbytte vart utbetalt 23 juni 2020.

Ny eigarbrøk etter overgangen til IFRS og redusert utbyttegrad er 50,39%.

	<u>Innskutt egenkapital</u>					<u>Opptjent egenkapital</u>					Sum egenkapital
	Egenkapital-bevis	Overkurs-fond	Fonds-obligasjon	Sparebankens fond	Utjevnings-fond	Utbytte	Gavefond	Komp. fond	Fond for urealiserte gevinster	Annen egenkapital	
Egenkapital 01.01.2019	108.561	457	-	145.124	3.245	-	205	222	-	-	257.814
Emisjon	42.887	-138	-	-	-	-	-	244	-	-	42.993
Årsoppgjørdisposisjoner	-	-	-	13.999	4.072	-	-	-	-	-	18.071
Egenkapital 31.12.2019	151.448	319	-	159.123	7.317	-	205	466	-	-	318.878
Overgang til IFRS	-	-	20.037	-3.598	-3.171	9.500	-	-	5.504	-	28.272
Omarbeidet egenkapital 01.01.2020	151.448	319	20.037	155.525	4.146	9.500	205	466	5.504	-	347.150
Endret utbyttegrad fra 70% til 50%	-	-	-	-	2.714	-2.714	-	-	-	-	-
Utbetalt utbytte	-	-	-	-	-	-6.786	-	-	-	-	-6.786
Urealisert gevinst/tap	-	-	-	-	-	-	-	-	-994	-	-994
Renter fondsobligasjon	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-608	-608
Resultat hittil i år	-	-	-37	-	-	-	-	-	-	9.667	9.630
Egenkapital 30.06.2020	151.448	319	20.000	155.525	6.860	-	205	466	4.510	9.059	348.392

NØKKELTALL

Resultat (isolerte kvartalsstall) - tall i MNOK	2. kvartal 2019	3. kvartal 2019	4. kvartal 2019	1. kvartal 2020	2. kvartal 2020
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	14,7	16,1	16,1	16,9	14,9
Netto andre driftsinntekter	4,6	3,6	3,5	2,9	5,5
Sum driftskostnader	7,9	8,5	9,1	10,1	7,8
Resultat før tap	11,3	11,2	10,5	9,7	12,6
Tap på utlån, garantier m.v.	-	1,5	3,0	5,7	2,9
Gevinst/tap anleggsaksjer	-	-	-	-	-
Resultat av ordinær drift før skatt	11,3	9,7	7,5	4,0	9,7
Skatt	2,5	2,5	1,6	1,0	3,0
Resultat etter skatt	8,8	7,2	5,9	3,0	6,7
Balanse (utvalgte poster) - tall i MNOK					
Forvaltningskapital	2.777	2.683	2.754	2.865	3.024
Forvaltningskapital inkl. EBK	3.774	3.732	3.819	3.932	4.104
Brutto utlån (egen balanse)	2.281	2.306	2.340	2.430	2.459
Brutto utlån inkl. EBK	3.278	3.354	3.405	3.497	3.539
Utlån EBK	997	1.048	1.065	1.067	1.080
Utlån næring	610	630	620	631	631
Innskudd	1.809	1.722	1.723	1.802	1.971
Lønnsomhet					
Kostnader i % av inntekter justert for VP	49,5 %	47,5 %	47,1 %	50,0 %	47,5 %
Kostnadsvekst siste 12 mnd	8,0 %	5,5 %	6,2 %	9,9 %	4,7 %
Egenkapitalavkastning*	10,3 %	10,1 %	9,6 %	3,7 %	5,8 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	16,1 %	16,4 %	16,8 %	16,0 %	15,5 %
Netto rentemargin hittil i år	2,23 %	2,28 %	2,30 %	2,49 %	2,29 %
* EK-avkastning etter beregnet skatt - Annualisert					
Innskudd og utlån					
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	26,7 %	27,3 %	26,3 %	26,4 %	25,7 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	37,4 %	38,5 %	38,2 %	37,2 %	37,1 %
Utlånsvekst siste kvartal	1,4 %	1,1 %	1,5 %	3,7 %	1,2 %
Utlånsvekst inkl. EBK siste kvartal	2,3 %	2,3 %	1,5 %	2,6 %	1,2 %
Innskuddsdekning	79,3 %	74,7 %	73,6 %	74,1 %	80,2 %
Innskuddsdekning inkl. EBK	55,2 %	51,3 %	50,6 %	51,5 %	55,7 %
Soliditet					
Ren kjernekapital i %	16,78 %	16,99 %	18,96 %	17,69 %	16,88 %
Kjernekapital i %	18,05 %	18,28 %	20,32 %	18,99 %	18,14 %
Kapitaldekning i %	19,96 %	20,22 %	22,37 %	20,93 %	20,03 %
Beregningsgrunnlag	1.570.375	1.550.474	1.468.458	1.546.653	1.589.021
Uvektet kjernekapitalandel	9,94 %	10,37 %	10,69 %	10,16 %	9,44 %
Ren kjernekapital i % - forholdsmessig konsolidering	15,37 %	15,52 %	17,20 %	16,32 %	15,53 %
Kjernekapital i % - forholdsmessig konsolidering	16,74 %	16,91 %	18,65 %	17,70 %	16,87 %
Kapitaldekning i % - forholdsmessig konsolidering	18,69 %	19,00 %	20,74 %	19,67 %	18,80 %
Uvektet kjernekapitalandel - forholdsmessig konsolidering	8,04 %	8,25 %	8,61 %	7,97 %	7,49 %
Likviditet					
LCR	137	167	164	195	517
NSFR	130	130	128	145	146
Egenkapitalbevis					
Resultat per egenkapitalbevis	5,00	7,46	8,96	1,01	2,21
Bokført egenkapital per egenkapitalbevis	107,45	109,90	105,04	114,17	115,91
P/B	1,01	1,04	1,15	0,97	0,96
Siste omsatte kurs	109	114	121	111	111

NOTEOPPLYSNINGER (alle tall i 1.000 kroner)

GENERELL INFORMASJON, REKNESKAPSPRINSIPP OG ESTIMATER

Kvartalsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med krava i IAS 34, forskrift om årsrekneskap for bankar kapittel 9 om delårsrekneskap samt god rekneskapsskikk. Samandrag av vesentlege rekneskapsprinsipp og effektar ifm. overgang til IFRS frå 01.01.2020 er omtala i note 23 i bankens årsrapport for 2019. Banken har valgt å ikkje omarbeida samanlikningstal for 2019. Resterande tal for 2019 er i samsvar med NGAAP. Kvartalsrekneskapen er ikkje revidert.

Under IFRS 9 skal tapsavsetjingar bereknast basert på forventa kreditttap. Banken nyttar Eika sin nedskrivingsmodell, som er forklart i overgangsnoten i årsrapporten for 2019. Det har ikkje vore vesentlege endringar i modellen.

Kritiske estimat og vurderingar vedrørende bruk av rekneskapsprinsipp

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at ledelsen i ein del tilfeller tar forutsetningar og må anvende estimater og skjønsmessige vurderingar. Estimater og skjønsmessige vurderingar vert evaluert løpande, og er basert på historiske erfaringar og forutsetningar om framtidige hendingar som reknast som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytta uvisse til dei forutsetningar og forventningar som ligger til grunn for anvendte estimater og skjønsmessige vurderingar.

Nedskrivningar på utlån

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre vert det gjort ein berekning for å fastslå ein verdi på utlånet eller på grupper av utlån. Berekninga forutset at det vert nytta størrelser som er basert på vurderingar, og disse påverkar kvaliteten i den berekna verdien.

Nedskrivingsvurderingar gjennomfører banken kvart kvartal. Prosessen med individuelle vurderingar ifm. nedskrivningar i steg 3, har ikkje blitt endra som fylgje av Covid 19.

Nedskrivningar i steg 1 og 2

Engasjement som ikkje er individuelt nedskrevet inngår i berekning av statistiske nedskrivningar (IFRS 9 nedskrivningar) på utlån og garantiar. Nedskrivningar vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundanes risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper. Konjunktur- og marknadsutvikling (makroforhold) som endå ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivingsbehovet på kundegrupper totalt spelar også inn. Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjement byggjer på fleire kritiske forutsetningar; misleghaldssannsyn, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjement og makro utvikling. Sjå dei generelle rekneskapsprinsipp i årsrapport for 2019 for forklaring av IFRS 9 nedskrivingsmodell.

Covid 19-situasjonen førte til ein vesentleg og rask endring i kreditttrisikoen for bankens utlånsportefølje. Det er fortsatt betydeleg uvisse rundt estimat som fører til behov for å gjera ein justering på porteføljnivå for forventa tap. I andre kvartal har mange kundar fått innvilga avdrag – og terminutsetjing, momstermin vart utsatt frå mars til juni, forsinkelsar i inkassosaker som fylgje av Covid-19 medfører forsinkelsar i betalingsanmerknningar, eksterne modeller baserer seg på sist oppdaterte rekneskap (2018 eller 2019, som har vore gode år for mange) og staten har bidratt med kompensasjonsordningar og reduserte kostnader. I sum kan dette føre til betre likviditet og reduksjon i antall overtrekk og restansar, som er svært viktig drivarar i bankens modell for statistiske nedskrivningar.

Det er også i andre kvartal nødvendig å nytta vesentleg meir skjønn og gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivningar på utlån. Dei modellberekna nedskrivningane tar ikkje tilstrekkeleg høgde for den usikre situasjonen banken er i, med vesentleg dårlegare makroutsikter enn dei som er oppdatert i dagens eksisterande nedskrivingsmodell og en forventning om negative utslag på kundane si risikoklassifisering utover hausten når stimuli frå offentlege og långjevarar reduserast. Banken har derfor berekna nedskrivningar i steg 1 og steg 2 for kundar i bedriftsmarknaden, på grunnlag av kor utsett dei ulike bransjane er innafor bankens engasjement.

Effekten av Covid 19 på ulike sektorar og bransjar er delt inn i 5 grader/nyansar:

1. I liten grad påverka (lav risiko). Bransjar med vesentleg eksponering: 67 MNOK
2. I mindre grad påverka (lav til medium risiko). Bransjar med vesentleg eksponering: 6 MNOK
3. I middels grad påverka (medium risiko). Bransjar med vesentleg eksponering: 307 MNOK
4. I betydeleg grad påverka (medium til høg risiko). Bransjar med vesentleg eksponering: 213 MNOK
5. I høg grad påverka (høg risiko). Bransjar med vesentleg eksponering: 37 MNOK

Kvar grad av risiko (1-5) vert tilført ein «justeringsfaktor» i prosent. Justeringsfaktorane er satt for å gje relevante og meningsfulle tap. Justeringsfaktoren for bransjar med høg risiko er auka med ein prosent i andre kvartal, elles er faktorane uendra sidan siste kvartal. Justeringsfaktoren for den enkelte bransje vert multiplisert med bankens eksponering i kvar bransje. Dei berekna nedskrivingsbeløpa etter risiko og eksponering vert deretter lagt til dei modellberekna nedskrivingane pr. bransje.

I andre kvartal er netto eksponering auka med om lag 150 millionar kroner i bransjar med medium til høg risiko. Dette skuldast i hovudsak at bygg- og anleggsbransjen er omklassifisert frå medium risiko til ein bransje med medium til høg risiko. I bankens marknadsområde, som primært er Sunnhordlandskommunane, er næringslivet per dato relativt sett mindre råka enn andre stader i landet. Reiseliv, bygg- og anlegg og eigedomsbransjen er påverka av situasjonen. Men i kombinasjon med offentlege støttetiltak har dei fleste verksemdene evna å tilpassa seg den nye situasjonen. Næringsseigedomar i regionen har framleis godt belegg av leigetakarar. Historisk har svingingar i den norske økonomien i mindre grad påverka eigedomsprisar i vår region. Det gjeld både for bustader og for næringsbygg. Per dato har handtverkarar hektiske tider. Årsaka er truleg at mange personar vel å ha ferien heime i Noreg, og mange pussar opp bustadane og gjer mindre investeringar. Det gjer at dei små og mellomstore verksemdene framleis har god omsetnad. Det er derfor ikkje avsatt ekstra for bygg- og anleggsbransjen i forbindelse med koronasituasjonen ved halvårsskiftet.

Netto eksponeringa i bransjar med høg risiko er på same nivå som første kvartal.

Ut frå ein totalvurdering har banken avsett dei berekna nedskrivingsbeløpa for bransjar som er vurdert påverka betydeleg og i høg grad av Covid 19-situasjonen med unntak av bygg- og anleggsbransjen. Nedskrivningar på utlån til bedriftsmarknaden har dermed auka med 2 MNOK samanlikna med kva som er berekna i nedskrivingsmodellen. Dei økte nedskrivingane er uendra frå første kvartal. Fordelinga på steg 1 og 2 viser i note 1.

Personmarknaden er mindre utsett for tap. Banken har hovudsakeleg lån med pant i bustader som har gjennomsnittleg lav belåningsgrad. Velferdsordningane i Noreg, inkl. spesifikke tiltak innført ifm. Covid19-situasjonen f.eks. for permitterte, medfører også at personmarknaden er mindre utsett for tap. Likevel er det risiko for økte tap også i personmarknaden og det er berekna tilleggsnedskrivningar med ein justeringsfaktor multiplisert med uteståande eksponering. Nedskrivningar på utlån til personmarknaden har auka med 1 MNOK samanlikna med kva som er berekna i nedskrivingsmodellen. Dei økte nedskrivingane er uendra frå første kvartal. Fordelinga på steg 1 og 2 viser i note 1.

NOTE 1 UTLÅN, NEDSKRIVINGER OG TAP

Etter IFRS 9 er bankens utlån til kundar, ubenyttede kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på misleghaldssannsyn (PD) på innrekningstidpunktet samanlikna med misleghaldssannsynet på balansedagen. Fordeling mellom steg foretas for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i periodens nedskrivningar og brutto balanseførte utlån, garantiar og ubenyttede kredittar for kvart steg, og inkluderar fylgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, frå 12 månaders forventede tap i steg 1 til tap over forventede levetid i steg 2 og steg 3
- Auka nedskrivningar ved nye utlån, ubenyttede kredittar og garantiar
- Reduksjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, ubenyttede kredittar og garantiar
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringar i input variablar, berekningsforutsetningar, makroøkonomiske forutsetningar og effekten av diskontering

	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2020	316	882	4.710	5.908
<i>Overføringer mellom steg:</i>				
Overføringer til steg 1	8	-109	-	-102
Overføringer til steg 2	-7	175	-	167
Overføringer til steg 3	-	-96	2.000	1.904
Nedskrivninger på nye utlån utbetalt i året	85	3	10	98
Utlån som er fraregnet i perioden	-29	-202	-43	-274
Konstaterte tap	-	-	-2.600	-2.600
Endet eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	235	1.431	-17	1.650
Nedskrivninger personmarkedet pr. 30.06.2020	608	2.083	4.060	6.751

	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2020	1.630.720	83.772	11.682	1.726.174
<i>Overføringer mellom steg:</i>				
Overføringer til steg 1	20.525	-20.525	-	-
Overføringer til steg 2	-22.366	22.366	-	-
Overføringer til steg 3	-	-3.151	3.151	-
Nye utlån utbetalt	395.007	2.482	-	397.489
Utlån som er fraregnet i perioden	-269.475	-21.401	-2.715	-293.591
Konstaterte tap	-	-	-2.600	-2.600
Brutto utlån til personmarkedet pr. 30.06.2020	1.754.411	63.543	9.518	1.827.473

	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2020	1.083	6.262	4.000	11.345
<i>Overføringer mellom steg:</i>				
Overføringer til steg 1	72	-420	-	-348
Overføringer til steg 2	-571	3.774	-	3.203
Overføringer til steg 3	-	-834	2.100	1.266
Nedskrivninger på nye utlån utbetalt i året	126	166	30	322
Utlån som er fraregnet i perioden	-143	-1.067	-	-1.210
Konstaterte tap	-	-	-	-
Endet eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	1.847	-958	-30	859
Nedskrivninger bedriftsmarkedet pr. 30.06.2020	2.415	6.923	6.100	15.438

	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2020	345.496	213.962	58.379	617.837
<i>Overføringer mellom steg:</i>				
Overføringer til steg 1	25.246	-23.156	-2.090	-
Overføringer til steg 2	-75.751	99.520	-23.769	-
Overføringer til steg 3	-	-22.393	22.393	-
Nye utlån utbetalt	35.158	25.942	-	61.100
Utlån som er fraregnet i perioden	-18.156	-31.871	2.492	-47.535
Konstaterte tap	-	-	-	-
Brutto utlån til bedriftsmarkedet pr. 30.06.2020	311.992	262.004	57.405	631.402

	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2020	147	157	-	304
<i>Overføringer mellom steg:</i>				
Overføringer til steg 1	6	-10	-	-5
Overføringer til steg 2	-14	39	-	25
Overføringer til steg 3	-	-1	-	-1
Nedskrivninger på nye kreditter og garantier	21	24	-	45
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier som er fraregnet i	-58	-69	-	-127
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-51	74	-	22
Andre justeringer	4	64	-	68
Nedskrivninger pr. 30.06.2020	55	278	-	332

	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2019	137.716	17.422	991	156.128
<i>Overføringer mellom steg:</i>				
Overføringer til steg 1	1.965	-1.532	-434	-
Overføringer til steg 2	-1.979	1.979	-286	-286
Overføringer til steg 3	-	-286	-286	-572
Nye/endrede ubenyttede kreditter og garantier	18.553	8.565	-	27.117
Engasjement som er fraregnet i perioden	-25.080	58	300	-24.722
Brutto balanseførte engasjement pr. 30.06.2020	131.175	26.206	286	157.666

Individuelle nedskrivninger på utlån og garantier	30.06.2020	30.06.2019	31.12.2019
Individuelle nedskrivninger ved begynnelsen av perioden	10.710	5.860	5.860
Økte individuelle nedskrivninger i perioden	-	-	1.100
Nye individuelle nedskrivninger i perioden	2.100	-	3.000
Tilbakeføring av individuelle nedskrivninger fra tidligere perioder	-50	-	-50
Konstaterte tap på lån som tidligere er nedskrevet	-2.600	-	-1.200
Individuelle nedskrivninger ved slutten av perioden	10.160	5.860	8.710

Resultatførte tap på utlån, kreditter og garantier	30.06.2019	30.06.2019	31.12.2019
Endring i perioden i steg 3 på utlån (individuelle nedskrivninger i 2019)	1.450	-	2.850
Endring i perioden i forventet tap steg 1 og 2 (gruppevise nedskrivninger i 2019)	5.167	-	500
Endring i perioden i steg 1 og 2 på garantier	15	-	-
Periodens konstaterte tap som det tidligere er avsatt nedskrivninger for	2.212	-	1.190
Periodens konstaterte tap som det ikke tidligere er avsatt nedskrivninger for	-	-	177
Periodens inngang på tidligere perioders nedskrivninger	-207	-70	-195
Tapskostnader i perioden	8.637	-70	4.522

NOTE 2 MISLEGHALDNE OG TAPSUTSATTE LÅN

Misleghaldne engasjement	30.06.2020	30.06.2019	31.12.2019
Brutto misleghaldne engasjement - personmarknad	14.797	19.943	15.639
Brutto misleghaldne engasjement - bedriftsmarknad	107.932	38.860	32.209
Nedskrivningar i steg 3 (individuelle nedskrivningar i 2019)	-6.500	-4.200	-4.100
Netto misleghaldne utlån	116.229	54.603	43.748

Eit engasjement er misleghaldt når låntakar ikkje har betalt forfalte terminar innan 90 dagar etter terminforfall, eller når overtrekk på rammekredittar er eldre enn 90 dagar.

Andre tapsutsatte engasjement	30.06.2020	30.06.2019	31.12.2019
Brutto tapsutsatte, ikkje misleghaldne engasjement - personmarknad	3.758	3.894	57.599
Brutto tapsutsatte, ikkje misleghaldne engasjement - bedriftsmarknad	2.000	-	-
Nedskrivningar i steg 3 (individuelle nedskrivningar i 2019)	-3.660	-1.660	-4.610
Netto tapsutsatte engasjement	2.098	2.234	52.989

Eit tapsutsatt engasjement er ikkje misleghaldt, men det er foretatt ein individuell nedskrivning på engasjementet i samsvar med utlånsforskrifta.

NOTE 3 FORDELING UTLÅN KUNDER

Utlån til kunder fordelt på sektorer og næringer	30.06.2020	30.06.2019	31.12.2019
Landbruk	30.869	27.464	28.649
Industri	21.862	18.476	17.653
Bygg, anlegg	154.770	157.451	149.940
Varehandel	26.403	30.422	29.777
Transport	20.869	20.128	19.718
Eiendomsdrift etc	327.444	302.162	312.991
Annen næring	49.184	55.079	59.113
Sum næring	631.402	611.181	617.840
Personkunder	1.827.473	1.673.005	1.726.174
Brutto utlån	2.458.874	2.284.187	2.344.015
Steg 1 nedskrivninger	-3.023		
Steg 2 nedskrivninger	-11.102		
Gruppevise nedskrivninger		-7.500	-8.000
Steg 3 nedskrivninger (individuelle nedskrivninger i 2019)	-10.160	-5.860	-8.710
Netto utlån til kunder	2.434.589	2.270.827	2.327.305
Utlån formidlet via Eika Boligkreditt (EBK)	1.079.684	997.372	1.064.856
Totale utlån inkl. porteføljen i EBK	3.514.273	3.268.199	3.392.161

NOTE 4 SEGMENTINFORMASJON

Banken utarbeidar rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Personkunder som vert fulgt opp av bedriftskundeavdelinga inngår i BM. Etter bankens vurdering er det ikkje vesentlege skilnader i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknaden til banken. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment vurderast å gje lite tilleggsinformasjon.

Balansetall 30.06.2020	PM	BM	Totalt
Brutto utlån inkl. EBK	2.907.157	631.402	3.538.559
Innskudd	1.186.946	784.229	1.971.175

NOTE 5 VERDIPAPIRER

I tabellane under vert fylgjande nivåinndelingar nytta for måling av verkeleg verdi:

- Nivå 1 – Verdsetting basert på noterte prisar i eit aktivt marknad for identiske egedelar og pliktar
- Nivå 2 – Verdsetting basert på (1) direkte eller indirekte observerbare prisar for identiske egedelar eller pliktar i eit marknad som ikkje er aktivt, (2) modellar som nyttar prisar og variablar som fult ut er henta frå observerbare marknader eller transaksjonar og (3) prising i eit aktivt marknad av ein tilsvarande, men ikkje identisk egedel eller plikt
- Nivå 3 – Vurderingar som er basert på faktorar som ikkje er observerbare eller ekstremt verifiserbare

Bankens verdsettingsmetodar maksimerer bruken av observerbare data der dei er tilgjengelege og belagar seg minst mogleg på bankens egne estimat.

30.06.2020

Verdsettshierarki for verdipapirer - verkeleg verdi	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Totalt
Obligasjoner til verkeleg verdi over resultatet	-	218.834	-	218.834
Aksjer til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	-	-	80.178	80.178
Sum verdipapirer	-	218.834	80.178	299.012

Avstemming av nivå 3	Verkeleg verdi over andre kostnader og inntekter	Verkeleg verdi over resultatet
Inngående balanse 01.01	74.599	-
Urealisert gevinst/tap ført mot utvidet resultat	(994)	-
Investering	6.573	-
Utgående balanse	80.178	-

NOTE 6 SENIOR OBLIGASJONSLÅN OG ANSVARLEG LÅN

Senior obligasjonslån

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Rentebetingelser
NO0010818206	05.03.2018	05.03.2021	50.000	3MND NIBOR + 0,70 %
NO0010818206	01.02.2019	05.03.2021	15.000	3MND NIBOR + 0,67 %
NO0010834047	05.10.2018	05.04.2023	50.000	3MND NIBOR + 0,89 %
NO0010823701	30.05.2018	30.11.2021	50.000	3MND NIBOR + 0,73 %
NO0010823701	01.02.2019	30.11.2021	15.000	3MND NIBOR + 0,82 %
NO0010832397	14.09.2018	14.09.2020	50.000	3MND NIBOR + 0,43 %
NO0010842610	04.02.2019	04.02.2022	50.000	3MND NIBOR + 0,84 %
NO0010860851	19.08.2019	19.08.2022	50.000	3MND NIBOR + 0,54 %
NO0010871437	13.12.2019	13.06.2025	50.000	3MND NIBOR + 0,69 %
NO0010871437	14.02.2020	13.06.2025	25.000	3MND NIBOR + 0,87 %
NO0010875222	14.02.2020	14.06.2024	50.000	3MND NIBOR + 0,69 %
Påløpte rentekostnader			534	
Over/underkurs			-181	
Sum gjeld ved utstedelse av verdipapirer - bokført verdi			455.353	

Ansvarleg lånekapital

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Rentebetingelser
NO0010807704	04.10.2017	04.10.2027	30.000	3MND NIBOR + 2,30 %
Påløpte rentekostnader			205	
Sum ansvarleg lånekapital - bokført verdi			30.205	

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.03.2020	Emitert	Forfalt/ innløst	Øvrige endringer	Balanse 30.06.2020
Senior obligasjonslån	455.831	-	-	-478	455.353
Ansvarlege lån	30.293	-	-	-88	30.205

Bankens fondsobligasjon pålydande 20 MNOK er reklassifisert fra ansvarleg lånekapital til egenkapital ifm. overgang til IFRS fom 01.01.2020.

NOTE 7 KAPITALDEKNING

	30.06.2020	30.06.2019	31.12.2019
Egenkapitalbevis	151.448	151.448	151.448
Overkursfond	319	457	319
Sparebankens fond	155.525	145.124	159.123
Gavefond	205	205	205
Utevningsfond	6.860	3.245	7.317
Annen innskutt egenkapital	553	222	466
Fond for urealiserte gevinster	4.510	-	-
Sum egenkapital	319.421	300.702	318.878
Fradrag i ren kjernekapital	-51.130	-37.240	-40.450
Ren kjernekapital	268.291	263.461	278.428
Fondsobligasjoner	20.000	20.000	20.000
Sum kjernekapital	288.291	283.461	298.428
Ansvarlig lånekapital	30.000	30.000	30.000
Netto ansvarlig kapital	318.291	313.461	328.428

Eksponeringskategori (vektet verdi)

Lokal regional myndighet	19.831	3.011	3.820
Institusjoner	4.214	1.087	144
Foretak	206.036	273.819	223.017
Pantsikkerhet eiendom	889.580	895.843	901.605
Forfalte engasjementer	180.500	90.662	70.761
Obligasjoner med fortrinnsrett	10.262	10.481	9.970
Fordring på institusjoner og foretak med kortsiktig rating	39.822	31.422	18.191
Andeler verdipapirfond	-	8.000	8.004
Egenkapitalposisjoner	39.698	38.864	44.466
Øvrige engasjementer	77.812	114.899	67.215
Sum beregningsgrunnlag for kredittrisiko	1.467.756	1.468.088	1.347.193
Beregningsgrunnlag fra operasjonell risiko	121.265	102.287	121.265
Beregningsgrunnlag	1.589.021	1.570.375	1.468.458

Banken


Ren kjernekapitaldekning i %	16,88 %	16,78 %	18,96 %
Kjernekapitaldekning	18,14 %	18,05 %	20,32 %
Kapitaldekning i %	20,03 %	19,96 %	22,37 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	9,44 %	9,94 %	10,39 %

Konsolidering av samarbeidende grupper

Ren kjernkapital	317.363	298.139	316.326
Ren kjernekapitaldekning i %	15,43 %	15,37 %	17,20 %
Kjernekapital	344.763	324.767	343.012
Kjernekapitaldekning	16,87 %	16,74 %	18,65 %
Ansvarlig kapital	384.099	362.570	381.444
Kapitaldekning i %	18,80 %	18,69 %	20,74 %
Beregningsgrunnlag	2.043.198	1.939.722	1.839.432
Uvektet kjernekapitalandel i %	7,49 %	8,04 %	8,61 %

NOTE 8 EIGENKAPITALBEVIS

20 største egenkapitalbevisegarar pr. 30.06.2020	Antall Ek-bevis	Eigarandel
Alutec AS	227.332	15,0 %
Meidell AS	227.332	15,0 %
Sætre Holding AS	106.429	7,0 %
NP Holding AS	47.650	3,1 %
Jørgen og Gjertrud Digernæs legat	41.666	2,7 %
Verdipapirfondet Eika Egenkapitalbevis	40.000	2,6 %
Alsaker Eiendom AS	38.000	2,5 %
Gardsenden AS	32.900	2,2 %
PTT Invest AS	32.250	2,1 %
Bergen Kommunale Pensjonskasse	32.237	2,1 %
Frank Ingebrigtsen	28.500	1,9 %
Skive Invest AS	20.838	1,4 %
Enzo AS	19.710	1,3 %
Gailac AS	14.000	0,9 %
Montem AS	13.938	0,9 %
Stein Malvin Tveit	13.938	0,9 %
Stord Innkvartering AS	12.559	0,8 %
Hilex Finans AS	12.305	0,8 %
Jan Henry Lyse	12.000	0,8 %
IBA Invest AS	11.482	0,8 %
Sum 20 største	985.066	64,9 %
Øvrige 355 eigarar	532.012	35,1 %
Sum totalt antall egenkapitalbevis (pålydande kr 100)	1.517.078	100,0 %



Tysnes Sparebank

– lokalbanken din –

post@tysnes-sparebank.no www.tysnes-sparebank.no telefon 53 43 03 00

Besøk oss på:

TYSNES

Våge
Teiglandsvegen 2
5680 TYSNES

HUSNES

Panorama
Heiamyro 11
5460 HUSNES

STORD

Meierikvarteret
Hamnegata 2
5411 STORD

Eller avtal tid til ein bankprat på ein av møteplassane våre:

LAGUNEN

Laguneveien 7
5239 RÅDAL

ROSENDAL

Skålagato 55
5470 ROSENDAL

HALSNØY

iBanken
Sæbøviksvegen 133
5454 SÆBØVIK